



Marit Brakvatne Mjelde
Reigstadvegen 83
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 23/1205 - 23/15248

Saksbehandlar:

Andreas Sylta

andreas.sylta@osteroy.kommune.no

Dato:

28.06.2023

145/49 Svar - Søknad om utvida bruk av avkøyrse

Administrativt vedtak: Saknr. 23/1205

Viser til søknad 25.04.2023

Søknaden er vurdert etter veglova, forskrift om alminnelege regler om bygging og vedlikehald av avkøyrse frå offentleg veg og etter Statens Vegvesen sine handbøker/kommunal vegnorm.

Vurdering:

Siktlinje nordover langs Reigstadvegen er god, samt siktlinje mot Reigstadflaten. Reigstadvegen sørover, samt avkøyring til Reigstadvegen 95-97, er delvis hindra av postkassestativ. Per dags dato har ein god sikt på begge sider av postkassestativ, men dette burde bli flytta lengre inn i aktuell avkøyring eller anna egna stad der det ikkje hindrar sikt. Dette vil betra sikta for begge avkøyringane i området, samt for dei som ferdast langs Reigstadvegen.

Vedtak:

Osterøy kommune innvilgar søknaden om auka bruk av avkøyrse med heimel i veglova § 30, og oppfordrar til flytting av postkassestativ snarleg.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Post

post@osteroy.kommune.no
Postboks 1
5293 Lonevåg

Kontakt

www.osteroy.kommune.no
Telefon 56 19 21 00
Telefaks 56 19 21 01

Konto
Org.nr. 864.338.712

Med helsing

Andreas Sylta
driftsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Marit Brakvatne Mjelde

Reigstadvegen 83 5281

VALESTRANDSFOSSEN